

# Vedtekter for Øygarden kommunale foreldreutval

## 1. Namn

Øygarden kommunale foreldreutval, forkorta Øygarden KFU, er eit fellesorgan for alle føresette med born i grunnskulen i Øygarden.

## 2. Formål

Øygarden KFU er eit organ som skal ta i vare elevane og dei føresette sine interesser på skulen og arbeide for at elevane trivst og har god læring på skulen. Øygarden KFU er eit naturleg bindeledd mellom FAU-ane, skulane, politiske utval og administrasjonen i kommunen.

## 3. Val og konstituering

FAU-leiar og nestleiar i kvart FAU er representant til Øygarden KFU. Øygarden KFU vert konstituert på første møtet etter sommaren og vel: Leiar og nestleiar. Leiar og nestleiar kan ikkje vere frå same skule.

Kommunalsjef for barnehagar og skule er sekretær for utvalet og sender innkalling og fører referat frå møta.

## 4. Komitear/Ad hoc grupper

Utvalet opprettar sjølv komitear og arbeidsgrupper som er tenlege for å arbeide med saker innafor formålet.

## 5. Møteordning og saksgang

Det blir laga referat frå kvart møte. Referata blir sendt til alle medlemmane, komité for levekår og komité for teknikk.

Saker som krev votering blir avgjort ved simpelt fleirtal. Leiar har dobbeltrøyst ved stemmelikheit.

Utvalet har minst 4 møte kvart skuleår.

## 6. Oppgåver

Øygarden KFU sine hovudoppgåver er å koordinere elevar og føresette sine behov og ynskjer i kommunen, og å drive opplæring og erfaringsutveksling. Øygarden KFU skal vere ein naturleg samarbeidspartnar for politikarar og skuleadministrasjonen.

## 7. Økonomi

Øygarden kommune finansierer arbeidet til Øygarden KFU.

## 8. Teieplikt

Forvaltningslova sine bestemmingar om teieplikt gjeld for foreldrekontaktar og medlemmar av skulen sine rådsorgan (Opplæringslova § 15 - 1).

## Vedtektsendring

Øygarden KFU konstituerer seg på fyrste møtet kvar haust og vedtar på nytt gjeldande vedtekter. Forslag til endring av vedtektene må leverast til leiar av utvalet seinast tre månader før det konstituerande møtet.